

Svar på spørsmål frå Morten Klementsens KO 23.02.23

Takk til spørsmålsstillar som løfter opp eit tema som kommunestyret og ordførar har engasjert seg i.

I sak 182/22 Økonomiplan 2023-2026 vart det fremja eit verbalpunkt knytt til veglys på Hestdal. Ordførar oppdaga i utarbeiding av svar til dette spørsmålet, at dette verbalpunktet ved ein inkurie ikkje vart røysta separat over under handsaminga av budsjett og økonomiplan.

Ordførar vil fram mot neste kommunestyremøte sjå på korleis saka kan takast opp for ei avgjerd i kommunestyret.